FELLESPROSJEKT // – Til de som sier vi må velge, så er mitt svar at regjeringen har tenkt å gjøre begge deler, sier statsminister Erna Solberg om ny E16 og Hordfast.

Vil starte opp ny vei mellom Arna og Stanghelle i 2024

KJETIL GILLESVIK
kjetil.gillesvik@bt.no

I går kom regjeringen med sin første NTP-lekkasje i Vestland fylke. På et digitalt pressemøte fortalte statsminister Erna Solberg at ny E16 mellom Arna og Stanghelle ligger inne med oppstart i første periode, det vil si mellom 2022 og 2028.

– En tar sikte på oppstart av veibyggingen i 2024. Også er det snakke om å bygge jernbanebiten to til tre år senere, sa Solberg.

Hun slår dermed en lang strek over alle forslag om å skrinlegge jernbanedelen av K5-prosjektet.

– Vi legger opp til å gjennomføre utbyggingen som et fellesprosjekt mellom vei og bane. Det er viktig for å ta ut synergier mellom delvis samtidig utbygging på vei og bane. Gjensidig bruk av rømningstunneler er ett eksempel.

Kostnadsanslaget for fellesprosjektet Arna-Stanghelle er 26,4 milliarder kroner. 12,7 milliarder kroner til bane og 13,7 milliarder kroner til vei.

En milliard til Hordfast

Også Hordfast skal realiseres i første periode. Her ville ikke statsministeren røpe noe årstall.

– Vi kommer ikke til å være så detaljert på år som før. Det har ofte vist seg ikke å holde, sa Solberg. Hun er imidlertid klar på en ting:

– Til de som sier vi må velge, så er mitt svar at regjeringen har tenkt å gjøre begge deler.

Hordfast reduserer reisetiden mellom Stord og Os med nærmere én time, til cirka 30 minutter. Prosjektet har en prislapp på rundt 37 milliarder kroner.

Sett opp mot totalkostnaden er regjeringens bidrag i første periode liten, kun en milliard kroner. På spørsmål om hva en får for en milliard kroner, svarte statsministeren «ganske mye».

– For det er bompenger i dette prosjektet også. En kan bruke bompenger for å komme i gang, sa Solberg.

Feirer med kake

Voss-ordfører Hans-Erik Ringkjøb (Ap) er glad for at det kommer løfte om at det både skal bygges vei og bane mot Voss.

Statsminister Erna Solberg ville i går ikke røpe når det blir oppstart på Hordfast. ARKIVFOTO: BERIT ROALD

– I dag hadde jeg gjort klar kleenex og kake. Det ble kake.

Ringkjøb er mest fornøyd med at statsministeren slår fast at både vei og bane skal bygges ut.

– For alle reisende er dette et steg i rett retning. Jeg gleder meg til å se NTP og håper og tror at dette er forpliktelser som står seg med tanke på bevilgninger og oppstart, sier Ringkjøb.

Hilde Magnusson, leder for Forum nye Bergensbanen, er også fornøyd.

– Det er gledelig at regjeringen går så tydelig inn for fellesprosjektet vei og bane. For ferdigstillelse av fellesprosjektet har det så vidt jeg forstår ikke noe å si om oppstart på jernbanen blir ett par år etter vei, sier Magnusson.

Voss-ordfører Hans-Erik Ringkjøb (Ap) er glad for at det nå er kommet løfte om at det både skal bygges vei og bane mot Voss. Her han sammen med sin ordførerkollega i Vaksdal, Heie Eide Vik (Sp). Bildet er tatt i forbindelse med Stanghelle-seminaret Fellesprosjektet K5 Bergensbanen og E16. ARKIVFOTO: TOR HØVIK

> Vi legger opp til å gjennomføre utbyggingen som et fellesprosjekt mellom vei og bane.
>
> Erna Solberg

Hordfast-lobbyist Øyvind Halleraker er også begeistret. Han kaller dagens nyheter en historisk dag for Vestlandet.

– Dette er på linje med beslutningen om Bergensbanen i sin tid, sier den tidligere stortingspolitikeren.

Halleraker forteller at de jobber for å få til oppstart i løpet av et par år. Det gir håp om at både Hordfast og Rogfast kan bli ferdigstilt samtidig, rundt 2030.

SV er sterkt kritisk

På dagens digitale pressekonferanse var også Venstre-nestleder Sveinung Rotevatn og KrF-statsråd Dag Inge Ulstein til stede.

– I Venstre er vi særlig fornøyd med at Arna-Stanghelle blir gjennomført som et fellesprosjekt. Dersom en ikke hadde bygget bane, ville det vært en tapt mulighet, sa Rotevatn.

Men ikke alle spretter champagnen. SV-leder Audun Lysbakken er skeptisk.

– Det er livsfarlig for jernbanen å bli utelatt fra oppstart. SV er sterkt kritisk til dette forslaget. Hvis veibyggingen begynner uten oppstart for jernbanen er det stor fare for at det aldri blir noen moderne toglinje fra Arna til Voss.

Han er også kritisk til Hordfast.

– Dette er en gigantisk feilprioritering. Det kommer til å ødelegge uerstattelig natur og fortrenge andre samferdselsprosjekter som er viktigere.

Hordalendingane har talt: Denne vegen og banen må regjeringa berre ordne

KOMMENTAR

JENS KIHL
jens.kihl@bt.no
Kommentator i BT

Ei ny måling viser massiv oppslutning om ny veg og bane frå Arna mot Voss.

ER DET NOKO vestlendingar liker, så er det å krangle om samferdsle. Men i ei ny måling har Bergens Tidende spurt folket om kva dei vil prioritere om dei berre får velje eitt stort transportprosjekt her i området.

SVARET VAR KLART og greitt: Ny veg og bane frå Arna i retning Voss, det som blir kalla K5, får støtte frå halvparten av dei spurde. Andre prosjekt, som Hordfast, Bybanen til Åsane og ny veg frå Vågsbotn til Nordhordlandsbrua, må finne seg i å bli stilt i skuggen.

Tala er kanskje ikkje overraskande. Dødsvegen, som E16 frå Arna til Voss blir kalla, engasjerer svært breitt. Den sterke mobiliseringa på denne målinga viser at saka har støtte i alle grupper av hordalandssamfunnet.

K5, ALTSÅ VEG og bane aust for Bergen, er saka som står sterkast hos unge, vaksne og gamle. Den er sak nummer éin for veljarar frå alle parti. Hos både kvinner og menn. Både i Bergen og i resten av Hordaland.

Onsdag kom statsminister Erna Solberg (H) med eit utspel der ho lova både veg og bane i retning Voss – og Hordfast. Dette har ho gjort opptil fleire gongar før, så kampen er slett ikkje over. Forkjemparane må nok stå på for kvar einaste krone fram til spaden er i jorda.

TIDLEGARE SAMFERDSLEMINISTER Ketil Solvik-Olsen (Frp) meinte i 2015 at det skulle vere mogleg å få til byggjestart på prosjektet seinast i 2021. Vel, no er vi komne dit utan at det er mogleg å sjå ei einaste ny sville eller lukte ny asfalt mellom Arna og Stanghelle.

Prosjektet har vore lova – og utsett – så mange gongar at både tilhengjarar av raskare tog og tryggare veg nok vil ha vanskeleg å jubla uhemma for endå eit løfte.

Det som kanskje kan vere ei viss hjelp i, er at samferdsleministeren er skifta ut. Solvik-Olsen sit etter kvart med ei ganske lang liste over prosjekt som blei lova, men aldri finansiert.

DAGENS MANN I stolen, Knut Arild Hareide frå KrF, har derimot vore meir nøktern. Han har brukt det siste året på å skru ned forventningane.

Det gjer at dei prosjekta regjeringa faktisk prioriterer, bør ha ein større sjanse for å bli bygd – i alle fall om han har gjort alvor av planane om å prioritere noko ned. Det får vi fyrst vite når heile Nasjonal transportplan er lagt fram.

MÅLINGA VISER AT Hordfast, altså ferjefri veg mellom Os og Stord, er på fyrsteplass hos 17 prosent av hordalendingane. Det er naturleg å sjå det i samanheng med tre faktorar:

Der E16 har ei stygg historie med ras og ulukker, er ferja mellom Halhjem og Sandvikvåg fyrst og fremst ein tidstjuv. Det blir nok ikkje opplevd som like dramatisk. Det kan vere lettare å kjempe for å løyse eit akutt problem enn for å realisere framtidsvisjonar. Hordfast er nok for mange i den siste kategorien – sjølv om tidsbruken kan vere håplaus nok for dei som bruker ferja dagleg.

HORDFAST ER SLETT ikkje ukontroversielt. Naturinngrepa er store og mange er kritiske til at prosjektet skal føre til meir bilbruk.

I tillegg er spørsmålet i denne målinga formulert slik at hordalendingane må velje eitt prosjekt. Hadde spørsmålet vore «vil du ha både Hordfast og K5?», hadde nok svaret vore ja frå mange.

> K5, altså veg og bane aust for Bergen, er saka som står sterkast hos unge, vaksne og gamle.

Målinga er også interessant fordi den viser at dei to Bergensprosjekta, ny veg frå Vågsbotn i Åsane til Nordhordlandsbrua og ny bybane til Åsane, ikkje stikk seg ut som særleg høgt prioriterte.

Om ein ser på bakgrunnstala, har Bybanen ei oppslutning på 20 prosent hos bergensarane og åtte prosent i Hordaland utanfor Bergen. Likevel er det tydeleg at det også i byen er veg og bane austover som trumfar det meste anna.

DET KAN HENGE saman med ei forventning om at pengane til Bybanen kjem uansett, slik at prosjektet ikkje verkar så truga.

Forventningane i vest er uansett enorme til at desse prosjekta blir noko av. Førebels luktar det meir luftslott enn ny asfalt og skjenegang.

Viktigste samferdsleprosjekt i Hordaland

Før påske skal regjeringa leggje fram Nasjonal transportplan. Her vil det kome fram kva samferdsleprosjekt som skal setjast i gang i perioden 2022–2023. Kva av følgjande lokale prosjekt meiner du er viktigast å få sett i verk?



Meiningsmålinga er utført av Respons for BT. Det er 601 respondentar i undersøking, og det var berre mogeleg å gi eitt svar.